



## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2023/1431-5

Saksbehandlar: **Sigurd Vie Alme**

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2023/70	30.11.2023	Formannskapet

## Planprogram for regulering av fjelluttak på Lesjaverk [planID 34320170]

### Saka gjeld

Planprogram er "ein plan for planen".

Eit plandokument for oversikt og vurdering av foreslått tiltak i forkant av detaljregulering. Dette for å sikre at samfunns- og miljøinteresser av det nye arealformålet vert tilstrekkeleg vurdert, og at ein tilpassar og avgrensar tiltaket etter omsyn som vert oppdaga.

### Bakgrunn

11.10.21 søkte grunneigar av GID 33/1, Torgeir Nordgård, om prøveuttak for å undersøke masse førekomsten, for å vidare eventuelt regulere område til fjelluttak.

18.10.21 innvilga Lesja kommune uttak av opp til 2 000 m<sup>3</sup> masse med vilkår.

- Lesja Bulldozerlag AS og grunneigar Torgeir Nordgård vurderte at masse i prøveuttak var av ynskja kvalitet og går vidare i prosess for å regulere eit masseuttak.

11.07.23 leverte Nordplan AS på vegne av Lesja Bulldozerlag AS planinitiativ for fjelluttak.

23.08.23 hadde Lesja kommune oppstartsmøte og synfaring med forslagsstillar

- Alf Louis Solvang (Nordplan AS)
- Dag Olav Tennfjord (Lesja Bulldozerlag)
- Lars Erik Torsgård (Lesja Bulldozerlag)
- Torgeir Nordgård (grunneigar) på synfaring

Arealet for ynskja fjelluttak ligger i kommuneplanen til LNFR-formål (landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift)



Figur 1: Visar lokaliseringa til planområdet, markert med raud sirkel.

02.10.23 leverte Nordplan AS planprogram til Lesja kommune.

31.10.23 gidde Lesja kommune tilbakemelding om manglar i planprogramet.

02.11.23 levert Nordplan oppdatert planprogram. Dette ligger vedlagt.

## Vurdering

Lesja kommune tar planprogram og oppstart av planarbeidet til behandling jf plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9, jf § 4-1, under er utsnitt frå dei:

### *§ 4-1. Planprogram*

*For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.*

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.*

*[...]*

### *§ 12-8. Oppstart av reguleringsplanarbeid*

*[...]*

*Forslagsstilleren skal alltid kunngjøre en melding om oppstart av planarbeidet i minst én avis som er alminnelig lest på stedet, og gjennom elektroniske medier. Registrerte grunneiere og festere i planområdet, og så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet samt naboer til planområdet, skal når de blir direkte berørt, på hensiktsmessig måte underrettes om at planarbeidet tas opp.*

*Ved varsel om oppstart og kunngjøring skal avgrensningen av planområdet angis.*

### *§ 12-9. Behandling av planprogram for planer med vesentlige virkninger*

*For planer som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1.*

*Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet. Forslaget skal også gjøres tilgjengelig gjennom minst én avis som er alminnelig lest på stedet og elektroniske medier. Frist for å gi uttalelse skal være minst seks uker.*

*Kommunen avgjør om planprogram skal fastsettes. Planprogrammet fastsettes ordinært av kommunestyret. Kommunestyret kan delegerer myndigheten til å fastsette planprogram i samsvar med kommunelovens regler. Beslutning om ikke å fastsette planprogram kan ikke påklages, men forslagsstilleren kan kreve å få den forelagt for kommunestyret til endelig avgjørelse.*

## Formål


Forslagsstillar ynskjer å regulere område for råstoffutvinning, prøveutaket vist til ynskja kvalitet av masse i området. Forslagsstillar har foreløpig vurdert at det kan vere aktuelt å ta ut inntil 1,3 million kubikkmeter fjell innanfor området. Tiltaket vil og omfatte anlegg for handtering av overvatn. Det er ikkje tenkt å ha bygningar innanfor området i samband med drift av fjelluttaket.

Tilkomst til området vil vere frå E136, statens vegvesen har innvilga midlertidige utvida avkøyring knytt til prøveuttaket.

Aktuell etterbruk etter avslutta fjelluttak kan vere tilbakeføring til LNF eller alternativt å vurder om delar av område er aktuelt som næringsareal.

## Planområde

Foreslått fjelluttak ligger på nordsida av E136 ca 2 km vest frå Lesjaverk, planområdet er på ca. 170 dekar innanfor gbnr. 21/1, 32/1 og 33/1.



Figur 2: Visar planområde kart vising av regulert areal.

Ein har sett at fleire lokale har kommentert støy og risting ved sprenging i prøveuttaket på sosiale medier. Det er viktig at konsekvensutgreiing inkludere effekt på bustadane i vest og aust, samt framtidige utbyggingsområde i sør for planområdet.

Kommunedirektøren legger til grunn at forslagsstillar vil tilstrekkeleg dokumentere og skildre verknaden på miljø og samfunn ved oppretting av fjelluttak (sprengingsfelt).

#### Krav om konsekvensutredning

Reguleringsplanen skal utarbeidast som en detaljregulering, jf. plan- og bygningslova § 12-3. Jf. § 4-1 i plan- og bygningsloven skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast planprogram for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknad på miljø og samfunn. I følge forskrift for konsekvensutredning faller planforslaget under kriteria for konsekvensutredning.

Det skal utgreiast følgjande tema:

- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Overvatn og vassmiljø
- Støy
- Landbruk

Følgjande team vert omtala i planomtalen:

- Økosystemtenestar
- Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål
- Forureining
- Mineralressursar
- Veg- og vegtekniske forhold, trafikktryggleik
- Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar
- Barn/unge, eldre og funksjonsreduserte sine interesser.

- Samfunn og næringsverksemd

#### Forslagsstillars framdriftsplan

Faser i planarbeidet	Framdrift
Planinitiativ oversendt til kommunen	11.07.23
Oppstartsmøte og synfaring med Lesja kommune	23.08.23
Behandling av planprogram i formannskap i forkant av høyring	16.11.23
Varsel om oppstart og høyring av planprogram	Veke 47 - 02
Fastsetting av planprogram	Februar 24
Utarbeiding av planforslag	Februar – mai 24
Fyrste gongs behandling av planforslag	Juni 24
Offentleg ettersyn	Juni – september 24
Merknadsbehandling	September 24
Planvedtak	Oktober – november 24

Politisk møteplan for 2024 er ikkje satt, det er lite sannsynleg at det vert haldt politisk møte så seint i juni som det er lista i framdriftsplanen. Lesja kommune vil oversende politisk møteplan straks den er fastsett til forslagsstillar slik at dei kan tilpasse sin framdrift etter den.

Kommunedirektøren meiner tidsplanen kan gjennomførast, men at den er noko stram.

#### Offentleg informasjon og medverking

Lesja kommune har satt eit vidt område av grunneigar til forslagsstillar som skal varslast, samt lokale foreiningar. Råstoffuttak er ei varig endring av landskapet og kan røyre mange partar sjølv om ein ikkje har eigarforhold i planområdet.

Planprogrammet legger opp til en ordinær høyringsprosess av planprogram og planforslag med lovpålagte høyringstid på 6 veker.

Kommunedirektøren tilrår at planprogrammet leggjast ut til offentlig ettersyn og sendast røyrt partar og fagmyndigheiter på høyring.

#### **Dokument**

##### Vedlegg

- 1 Utkast til planprogram - Detaljregulering av fjelluttak på Lesjaverk – ver. 021123.pdf

#### **Innstilling:**

Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 12-8 og 12-9, jf § 4-1, leggjast forslag til planprogram for reguleringsplan for Fjelluttak på Lesjaverk [planID 34320170] ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Vidare planbehandling etter planprogrammet vert tatt hand om i forvaltningsutvalet.

Per Dag Hole  
kommunedirektør

## **Formannskapetets behandling av sak 70/2023 i møte den 30.11.2023:**

### **Behandling**

Kommunedirektørens innstilling vedtatt - Enstemmig

### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 12-8 og 12-9, jf § 4-1, leggjast forslag til planprogram for reguleringsplan for Fjelluttak på Lesjaverk [planID 34320170] ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Vidare planbehandling etter planprogrammet vert tatt hand om i forvaltningsutvalet.